

Årsmelding

KFUM Volda Volleyball

2023



Oversikta over dei ulike laga i klubben per 31.12.2023.....	3
Styret i KFUM Volda Volleyball 2023	3
Rekruttering	4
Sportsleg aktivitet	4
Mizunoligaen.....	4
2. div herre	4
Aldersbestemte NM	5
Regionslag	5
Beach NM junior	5
Landslagsspelarar.....	5
Diamantvolley	5
Aldersbestemte klasser.....	5
Økonomi.....	6
Sponsorinntekter	6
Sponsorane våre i 2023.....	6
Elitehelg	7
Arbeidet i styret og organisering av klubben.....	7
Kompetanseheving	8
Klubb og trenerkonferansen	8
Trenarkurs	8
Dommerkurs	8
Årneset/ sandvolleyballanlegg.....	8
Andre aktivitetar/ arrangement	9

Oversikta over dei ulike laga i klubben per 31.12.2023

Lag	Årstal	Ca. Tal på spelarar	Trenarar	Oppmann
Elitelaget – dame	2009-	16	Vladislav Todorov Rune Bernås	Irene Krumsvik
JU17	2007 2008	19	Kristin Bakke Sæterås Rune Bernås Charly Pérez	Kari Melle Siv Heidi Osvoll
2.div herre	2007-	20	Bernt Humberset Gauge Gaudestad	Camilla Humberset
GU17/GU19	2005 2006 2007 2008	22	Bernt Humberset Gauge Gaudestad	Hanne Harnes
GU15	2009 2010 2011	19	Gauge Gaudestad Henning Helle	Bjarte Folkestad
JU15	2009 2010 2011	20	Arne Humberset Ragnhild Kile Tommy Ervik	
JU13	2012 2013	13	Shiva Zeiner-Henriksen Kim Svendsen	Silje R. Gangstad
GU13	2012 2013	13	Bjørg Keilen Bjørnar Hunnes Hanne Botnen	Eli K. Åsebø Kjersti Straume
Mini 2 , 3.-4.-kl	2014 2015	19	Anders Rudolf Thomassen Gauge Gaudestad	
Mini 1, 1-2.kl	2016 2017	12	Audun Hoel Øystein Rønningen	
Diamantvolleyball		16	Ingrid Vee Hagestuen Runa Redse-Arset	
Veteran herre		14		
Veteran dame			Ingen aktivitet hausten 2023	

Styret i KFUM Volda Volleyball 2023

Styreverv	I perioden:
Leiar	Matz Kroken Åsebø
Nestleiar	Vigleik Hustadnes, Sandvolleyballansvarleg
Kasserar	Marie Brænde
Styremedlem	Marit Gjethammer
Styremedlem	Mone Helen Kile

Styremedlem -vara	Camilla Elin Dahl Humberset - kasserar
Styremedlem - vara	Nancy Ann Eide Brattli

Støttefunksjon til styret:

Rune Aarflot har bidratt inn i mot kasserar og økonomi i 2023.

Ingrid Bernsæter Keilen har vore medlemsansvarleg i 2023.

Andre verv	Namn
Valnemnd	Irene Krumsvik Bernt Humberset Hanne Elin Harnes
Kontrollkomiteen	Jørund Knardal Harald Dahl
Styret i Volda Campus Arena AS (VCA)	Lilli Brænde Røv Bernt Humberset
Brukargruppa til Volda Campus Sparebank1 Arena	Bernt Humberset
NVBF Møre og Romsdal	Bernt Humberset

Bernt Humberset vart valt inn som representant for klubben til styret i Volda Campus Arena AS på generalforsamlinga i 2023, han vart valt for 2 år. Lilli Brænde Røv gjekk ut av styret i VCA,

Rekruttering

Vi har også i 2023 fått fleire medlemmar til klubben. Det kan virke som at klubben har eit godt rykte og at det er stadig fleire som er vil prøve volleyball som idrett.

KFUM Volda måtte vinteren 2023 ha inntaksstopp på JU15 grunna svært mange spelarar og avgrensa banekapasitet. Vi er glade for at dette er tiltak som vi berre heilt unntaksvise må setje i verk.

Sportsleg aktivitet

Mizunoligaen

Damelaget til KFUM Volda Volleyball enda på ein fin 4 plass i Mizunoligaen i sesongen 2022/2023 og kom seg til semifinale i Norgesmeisterskapen. Etter sesongen mista klubben ein del spelarar av ulike årsaker. Starten på sesongen 2023/24 vart utfordrande med eit ungt mannskap og resultatmessig var det dårlegare enn førre sesong. Laget har likevel levert godt spel og vi stiller med eit ungt lag i Mizunoligaen.

2. div herre

På herresida vart det i sesongen 2022/2023 påmeldt 2 lag i 2. divisjon. Førstelaget vann 2. divisjon og spelte på våren kvalifiseringsturnering til 1. divisjon. Her enda laget på ein fjerdeplass og klarte ikkje opprykket, dei tre første laga rykka opp.

Andrelaget i 2. divisjon herre bestod av unge lokale spelarar, dei fleste fødde i 2006 og 2007 som fekk verdifull erfaring og speletid.

Aldersbestemte NM

Klubben var representert med lag på U15 både jenter og gutter, U17 med gutelag og på U19 med både gutter og jenter. I U19 klassa vart det sølv på jentelaget etter ein triller av ein finale i Bergen, eit godt resultat.

Regionslag

KFUM Volda har gjennom sesongen hatt spelarar representert på regionslag både innandørs og på beach lag. I tillegg har trenrarar frå klubben vært trenrarar på ulike regionslag.

Beach NM junior

Her var KFUM Volda Volleyball godt representert med mange lag i dei fleste klassene. KFUM Volda var representerte med 23 spelarar i meisterskapen. Dei fleste var makker med ein annan spelar frå KFUM Volda, men nokre hadde også funne seg ein å spele med frå ein annan klubb i landet.

KFUM Volda stilte flest lag i U17-klassa. 4 jentelag og 4 gutelag tok del. Birte Krumsvik med Blindheim-makker Cathrine Hjeltnes tok seg heilt til finalen i JU17-klassa. Jentene spelte ein god kamp, men tapte til slutt tiebreaket. Det vart likevel ein fin sølvmedalje!

Klubben stilte også lag i U15, U16, U18 og U19 klassa.

Av andre gode plasseringar kan ein trekke fram Ingrid Humberset og Frøya Keilen som i JU16 klassa tok ein fin fjerde plass.

I del 2 av NM tok alle KFUM Volda-laga seg til 1/16-finalar

Landslagsspelarar

Gjennom året har fleire spelarar deltatt på ulike landslagssamlingar og kampar. Olve Dalebø Mork, Iven Sjåstad Åsebø, Håvard Keilen, Birte Krumsvik, Ingrid Simonsen, Cathrine Hjeltnæs og Runa Redse-Arset har alle vore inviterte inn til samlingar.

Diamantvolley

Diamantvolleyball er eit viktig satsingsområdet for klubben. Vi har satsa på gode trenrarar som jamleg oppdaterer seg via NVBF sine ressursar og tilbod. Diamantane våre treng føreseielege rammer og dette er difor eit område det vert fokusert ekstra på. Vi har fått ei fin gruppe på omlag 20 diamantar ved årsskifte.

Aldersbestemte klasser

Også i aldersbestemte klasser hevdar vi oss. Vi vart seriemesisterar i JU15, GU15, JU17 og GU17 i sesongen 2022/2023. Trenarteam og foreldregruppene har jobba godt både med tanke på at flest mogleg av spelarane deltek på US-runder og også med sosiale tiltak for å styrke fellesskapen i laga.

Økonomi

Klubben har opparbeida seg ein god økonomi og er ein likvid klubb med god eigenkapital. Styret vurderer det slik at det er naudsynt med noko eigenkapital i tida som kjem for å sikre seg mot auka husleige i VCA og andre utgifter som kan kom til som eigrarar av eit stort idrettsanlegg.

Innføringa av rekneskapsprogrammet Tripletex har bidratt til at vi har ei god oversikt over økonomien vår til ein kvar tid. Vi har også god støtte og dialog med Regnskapshuset AS, som kører rekneskapen for oss.

På utgiftssida så kan ein trekke fram reiseutgifter i forbindelse med deltaking i NM utgjorde noko utgifter frå klubben då det i 2023 var lang reiseveg og kostnader knytt til dette. Laga som fekk støtte frå klubben hadde søkt om dette, og dei hadde sjølv jobba inn eigenandelen til den enkelte utøvaren gjennom dugnad.

I 2023 hadde klubben ingen store arrangement slik som året før med NM og landskamper.

På inntektssida bør kiosken og gruppa som arbeidar med denne trekkast fram. Her blir det arbeida godt og kiosken genererer gode inntekter til oss. Godt og fornuftig utval tilpassa aldersgruppa som er i hallen. Gjengen som styrer kiosken har gode rutinar for planlegging av innkjøp, samt retur av varer. Det gir minimalt med svinn og dermed økonomisk lønnsamt.

Lokale aktivitetsmidlar (LAM) i 2023 gav oss følgande:

- Grunnstøtte kr. 5000,-
- Parautøvere kr. 15.000,-
- Barn 6-12 år kr. 34. 574, 40 (63 medlemmar)
- Ungdom 13-19 år kr. 38 535,30,- (85 medlemmar)

Samla utbetalt kr. 93.110,-

Sponsorinntekter

Det vart jobba godt i sponsormarknaden i 2023. Sponsorgruppa har bidratt til at vi no har fornya dei fleste sponsoravtalene våre og forbetra desse slik at vi har stabile inntekter framover.

Sponsorane våre i 2023

- SpareBank 1 SMN
- Brændes rørleggerforretning
- Tømrer Service As (Mesterhus)
- Brunvoll
- Tussa Kraft
- HyggeDesign
- BI Egedom
- Idrett uten Alkohol
- Brænne Saft
- Furene
- Tilseth

- Bygg1
- Hovden og Vatne
- Kjeveortopeden
- Retura
- Legal
- NOG

Tusen takk for støtta! Vi er heilt avhengige av den for å kunne drive klubben!

I tillegg har klubben inngått ei avtale med Intersport og Mizuno på klubbklede og sponsing. Intersport på Voldaportalen har klubbkle tilgjengeleg for sal, i staden for at dette går gjennom enkeltlag og kontaktpersonar i klubben. Avtala er gjeldande for 3 år framover.

Klubben har framleis ingen tilsette, men den administrative arbeidsmengda aukar i takt med aktiviteten i klubben og auka krav til klubben på forskjellige område som økonomi, arrangement og rapportering kring medlemer og krav frå organisasjonar klubben er tilknytt, og det offentlege.

Elitehelg

Vi arrangerte Sparebank1 Eliteturnering også i 2023 der følgande lag deltok:

- KFUM Volda
- NTNUI
- Norge sitt ungdomslandslag
- Førde
- TIF Viking
- Lierne

Eliteturneringa vart gjennomført etter mal frå tidlegare år og gir eit godt sportsleg tilbod til klubbane som deltek og også eige elitelag. Tilbakemeldingane på turneringa er gode og det planleggast for framtidige turneringar.

Arbeidet i styret og organisering av klubben

Styret har i 2023 hatt 9 styremøte. Med fleire nye personar inn i styret har mykje av fokuset fokus vært organisasjon/ forståing av klubbdrift og økonomi i KFUM Volda Volleyball.

Styret har nytta seg av teams som klubben har lisens på til kommunikasjon og organisering av klubben, noko som fungerer etter intensjonen.

Styret har hatt fleire møter med VCA knytt til generalformsaling og organisering/ dagleg drift av VCA. Styret har vært representert ved leiar, nestleiar og medlemmar av styret alt etter behov.

Klubben fekk purring frå forbund om resertifisering av Rent idrettslag, knytt til elitelisens. Det har blitt jobba med dette og siste punkt for resertifiseringa vart gjennomført tidleg i 2024 med foredrag frå Antidoping Norge.

Styremedlemmar og kontrollkomiteen står på val, og valnemnda har derfor jobba med å skaffe nye medlemmar til styret. Dei har gått breitt ut og kontakta alle gruppene i klubben.

Kontrollkomiteen har hatt revisjon av styret sitt arbeid i 2023. Kontrollkomiteen gjennomførte eit møte med styret ved leiar og kasserar onsdag 28.2.2024.

Kontrollkomiteen sin rapport ligg ved årsmeldinga.

Kompetanseheving

Klubb og trenerkonferansen

Klubben sendte 2 representantar (rep frå styret og 1 trenar) på denne konferansen i 2023. Dette er ein fin arena før inspirasjon og fagleg oppdatering. Vi ser også at konferansen kan vere nyttig for å knytte kontakter i både Norges Volleyballforbund og til andre klubbar som vi kan hauste erfaringar frå.

Trenarkurs

I 2023 fekk vi utdanna to nye trenar 2. Slik utdanning er viktig slik at ein kan syne til rett kompetanse i regions- og norgesmeisterskap. I tillegg til trenar 2 hadde klubben også fleire trenarar på trenar1-kurs i løpet av 2023. KFUM Volda har hatt for vane å dekke utgifter til trenarutdanning.

Dommerkurs

Klubben hadde hausten 2023 dommar 1- og dommar 2-kurs. Klubben har ein svært høg andel utdanna dommarar og dette viser også att i aldersbestemte turneringar og i 2. divisjon for dame og herre. KFUM Volda satsar bevisst på at eigne ungdommar skal få dømme. Dette for å sikre utvikling og for at ungdomane skal få sjå at dommarutdanning kan vere økonomisk gunstig. Vi planlegg for nye dommarkurs hausten 2024, i samarbeid med Norges Volleyballforbund.

Årneset/ sandvolleyballanlegg

Tradisjon tru vart det i 2023 gjennomført ein dugnad for å få Årneset klart for beach sesongen. Ein stad mellom 70 og 80 personar med stort og smått var med på denne dugnaden i slutten av april 2023.

Anlegget har blitt nytta gjennom heile sommaren og det har vært stor aktivitet av både eigne lag og andre brukarar gjennom sesongen. Vi har arrangert fleire turneringar der vi har vært arrangør, samt at vi har vært vertskap for regionslagstreningar.

Spensttreningsanlegg/tribuneanlegg vil bli jobba med framover og vi har fått det inn i aktuell plan for Volda kommune.

Vigleik Hustadnes leiar dette arbeidet og har ei gruppe med seg som utarbeidar teikningar til prosjektet, samt held trådane i dette.

Andre aktivitetar/ arrangement

Klubben hadde i 2023 stand på Voldadagen i VCA. Det var ein stand som viste fram klubben med historiske biletet/ film, samt kva aktivitet klubben har i dag. Det var menge innom standen vår gjennom heile dagen.

Smashing friday er eit tilbod som vi gjennomfører som ein del av samarbeidsavtale med Idrett utan alkohol. Dette vart ikkje gjennomført i 2023, men det vart utover hausten jobba med å få det opp å gå igjen i lag med Volda kommune.

Klubben gjennomfører gjennom året fleire arrangement i ulik skala frå turneringar over fleire dagar til mindre aktivitetar til sosiale tiltak innad i laga. Over tid så har vi bygd opp ein solid kompetanse på planlegging og gjennomføring av arrangement. Klubben får gode tilbakemeldingar frå tilreisande lag på gjennomføringa av arrangementa våre og styret vil rette ein takk til alle utøvarar, trenarar, foreldre, dugnadsfolk, støttespelarar m.m, som har bidratt inn i klubben på ein eller annan måte i året som vi har lagt bak oss. De er ryggrada i klubben og vi set stor pris på alle bidrag.

Vi ynskjer også å rette ei stor takk til fotografane som stiller opp på kampar og turneringar og dokumenterer unike øyeblikk som utøvarane og alle rundt får ta del i undervegs i ei turnering eller i ro og mak etterpå. Takk til Erlend Krumsvik og Åsmund Keilen og alle andre fotografar vi har fått samarbeida med dette året.

På vegne av styret

Matz Kroken Åsebø

Leiar KFUM Volda Volleyball